

Program for Voss SV 2023-2027

Innhald

Innhald	1
Born og unge	2
<i>Skule</i>	2
Uteskule, fysisk aktivitet og praktiske fag.....	2
Voss skal ha dei beste lærarane.....	3
Digitale læremiddel på nynorsk.....	3
<i>Barnehage</i>	3
Tilsette/bemanning.....	3
Leik er læring.....	4
Ein profittfri barnehage.....	4
<i>Kulturskule</i>	4
Rettferdig fordeling	4
<i>Bustadpolitikk</i>	5
<i>6-timersdagen</i>	5
Frivilligheit som satsingsområde	6
Helse og omsorg	6
Landbruk og næring	7
Flaumvern	8
Natur og klima	9
Naturkrise.....	9
Klimautfordringane.....	9
Natur og klimakrise er same sak.....	10
<i>Slik skal me skape ei klima- og naturvenleg bygd</i>	10
Arealnøytralitet.....	10

Born og unge

Voss SV ynskjer å prioritera tiltak som gjev born og unge auka kjensle av meistring. Voss SV vil:

- Auka grunnbemanninga i barnehage og skule
- Satsa på praktiske og estetiske fag i grunnskulen
- Ha fokus på meir fysisk aktivitet i skulen, meir uteskule og utebarnehage
- Auka antal lærlingplassar i kommunal regi innan alle fagfelt
- Bidra til at fritidstilbod er tilgjengeleg for alle
- Satsa på bokbuss og bibliotek
- Gje tilbod om enkel frukost til alle elevar på ungdomsskulane
- Sikra at elevar i grunnskulen som treng ekstra hjelp får den hjelpa dei treng
- Halde fram med gode tiltak som “Garden”, “Inn på tunet” og “Trygg av natur”

Skule

Skule er viktig! SV vil prioritere dei unge sin moglegheit til å lukkast i skulen. Alle ynskjer ein skule der born trivst, er trygge og meistrar undervisninga, men no er det er for mange born som ikkje har ein god nok skulevardag. SV vil styrka satsinga på praktiske fag, fysisk aktivitet og uteskule, og me vil at vossaskulen skal jobba for å ha dei beste lærarane. Me har mange gode skular på Voss, og SV vil at skulane skal læra av kvarandre, og det gode arbeidet som allereie vert gjort.

Uteskule, fysisk aktivitet og praktiske fag

SV har i fleire år teke til orde for meir tid og ressursar til praktiske fag og bruk av naturen i skulen. Dette meiner me er heilt sentralt for å skapa ein skule for framtida.

Sidan 80-talet har det vore ein kraftig auke i den samla tida eit born går på skulen. Samstundes har auka målstyring og satsing på teoretisk læring skapt ein teoretisk og stillesitjande skulevardag som ikkje er god for born som skal utvikla heile seg i samspel med omgjevnadene.

Me vil ha ein skule med meir tid og ressursar til praktiske fag, der elevane kan bruka armar og bein og ikkje berre læra gjennom teori. Me vil difor jobba for å få meir praktiske fag som t.d. sløyd, handarbeid, matlaging, musikk og kunstfag inn i skulen.

Nye læreplanar opnar for større utforsking utanfor klasserommet, og SV ynskjer at alle skular og alle trinn skal få betre rammer for uteskule der elevane kan få leike og lære i ute i natur og samfunn.

Voss skal ha dei beste lærarane

Kva er nøkkelen for å skapa god undervisning? Det er ikkje berre eitt svar, men læraren er ein viktig del av svaret. Dersom Voss herad skal tilrekkja seg, halde på og utvikla sine gode lærarar, må ein jobba aktivt for det.

Ressursar og tid til å vidareutvikle seg som lærar er heilt sentralt – både for å vera ein god lærar, og for å kunne vera ein attraktiv arbeidsplass. Ansvar, fridom og støtte til å utvikle gode pedagogiske opplegg, gode relasjonar og skulemiljø vil vere tilsvarande viktig.

Voss SV vil auka grunnbemanninga i skulen, samt få fleire spesialpedagogar for å oppfylla elevane sin rett til spesialundervisning. Me ynskjer også faste vikarstillingar i grunnskulen.

Digitale læremiddel på nynorsk

Digitaliseringa av skulen har gjort at nynorskelevar ofte får læremiddel på feil språk, det vere seg bokmål eller engelsk. Skuleeigar bør stille krav til, og ta ansvar for at digitale og analoge læremiddel som vert kjøpt inn skal føreliggja på nynorsk.

Like viktig som digitale læremiddel er å læra gleda over å lesa i ei ekte bok. Voss bibliotek har flotte tilbod til både born og unge, og bokbussen er eit svært godt tiltak me ynskjer å vidareføre.

Barnehage

Ein god barndom varar heile livet. Gjennom sterke fellesarenaer gjev me borna våre best føresetnader for å lukkast. Barnehagen skal ta vare på borna sine behov for omsorg og lek. Dette er fyrste skritt på vegen til livslang læring og danning.

SV vil prioritere tiltak som styrkar kvaliteten i barnehagen, som gjev lek, natur og utforsking stor plass og som gjev alle barn høve til å gå i barnehage.

Voss SV vil at heile heradet skal takast i bruk og at born skal ha rett til barnehageplass nær bustaden.

Det skal vera barnehage både på Bolstad, Evanger og Opheim.

Tilsette/bemanning

- For å stø opp under born si læring og danning, må barnehagen ha høg kompetanse og tilstrekkeleg bemanning.
- Dersom Voss herad skal tilrekkje seg, halde på og utvikle gode tilsette i barnehagen, må ein jobba aktivt for det.
- Sikra forsvarleg bemanning i heile opningstida. Det må vera vikar ved fråver, og heradet bør ha faste tilsette vikarar.
- Styrke kurs og opplæring av tilsette
- Faste kjøkkenstillingar i dei store barnehagane.

- Styrka kompetansen for integrering av minoritetsgrupper i barnehagen

Leik er læring

- Bremsa aukande fokus på målstyring og læringstrykk.
- Leik og born si utforsking skal ha stor plass.
- Syta for at natur og skog på uteområda blir teke vare på. Me ynskjer å reversera bruken av plastdekke og gje mest mogleg plass til natur.
- Oppretthalda dei eksisterande villmarksbarnehagane og støtta opp om etablering av nye.

Ein profittfri barnehage

Voss SV ynskjer at pengane skal gå til borna, ikkje til profitt - me vil ha profittfri velferd i heradet. Voss SV vil ha fleire offentlege barnehagar.

Voss SV vil styrkja mattilbodet i barnehagane og styrka vedlikehald av bygga og leikeplassane.

Kulturskule

Kulturskulen er ein flott arena der mange får høve til å oppleva meistringskjensle og glede. Voss SV ynskjer at kulturskulen skal vera eit reelt tilbod til alle i heradet.

Det er flott at kulturskulen tilbyr friplassar for born i låginntektsfamiliar, og at ein utvidar talet på slike friplassar. For familiar som har ei inntekt over det som kallast låginntekt, kan prisen på ein plass i kulturskulen likevel ha noko å seie, og særleg om ein har fleire born som ynskjer seg plass. Det er difor viktig å halde prisen for ein plass i kulturskulen på eit moderat nivå, i tillegg til at ein innfører syskenmoderasjon, slik mange andre kommunar har.

Voss herad har eit tydeleg sentrum og mange utkantar. Mangfaldet av tilbod ligg sentralt, og det er færre tilbod lokalisert utanfor sentrum. Det kan vera vanskeleg for mange å kunna delta på eit tilbod som har lang reiseveg, sjølv om interessa er stor. SV ynskjer at kulturskulen har fokus på å gi eit størst mogeleg mangfald av tilbod både sentralt og perifert i heradet. Ein bør kunna leggja inn ynskje om lokalisering i søknaden på alle tilboda, i staden for i utgangspunktet å avgrensa kva tilbod det kan søkjast på i utkantane.

Rettferdig fordeling

Voss SV ynskjer eit meir rettferdig Voss og vil arbeida vedtak etter vedtak med å fordela pengane heradet kontrollerer for å skapa verdige liv for ALLE.

- SV vil auke satsane på sosialstønad
- SV vil jobbe for ein rettferdig bustadpolitikk på Voss
- Auka løyvingar til kommunale helse- og omsorgstenester

- Vurdera ei meir rettferdig prising av kommunale tenester

Bustadpolitikk

Bustadprisane på Voss er så høge at det er vanskeleg for fyrstegongskjøparar å kome seg inn på marknaden. Det bør difor leggjast til rette for å byggje fleire bustadar for fyrstegongskjøparar.

Samstundes er det å byggja nytt dyrt, krev energi og legg beslag på areal. Me har allereide sett vanskelege diskusjonar om bustadbyggjing i sentrumsnære område, også på dyrka mark. Det vart dessutan vedteke at all framtidig arealutbyggjing skal vera arealnøytral i Voss Herad i Vossaklima 2030.

Det at hus og leiligheiter i sentrumsområdet vert nytta som fritidsbustader eller investeringsobjekt er med på å pressa opp prisane i bustadmarknaden. SV foreslår difor at heradet undersøker kor stort dette problemet er på Voss, og vurderer nedsett konsesjonsgrense (buplikt) i sentrum. Me ynskjer ikkje at Voss Sentrum vert ein "hytteby".

6-timersdagen

Arbeidslivet er ein stor del av livet til dei aller fleste. Difor må arbeidslivet formast for å skape gode og berekraftige liv og lokalsamfunn. Me meiner at kortare arbeidstid kan gje ein positiv vinst for mange enkeltmenneske, og for samfunnet som heilskap.

Livskvalitet er kjensla av å leve det gode liv, og dette må vere eit av dei øvste måla me set oss som samfunn - at flest mogleg skal oppleve best mogeleg livskvalitet. Då skal ein vere merksam på kva livskvalitet er. Voss SV er heilt sikre på at livskvalitet for mange av oss i Noreg er noko anna enn materiell levestandard. Livskvalitet er avhengig av at ein har dekkja ein del materielle behov, men det handlar vel så mykje om å ha gode relasjonar, god helse og høve til å gjere dei tinga ein opplever meningsfylt. For mange er dette eit spørsmål om tid. Tid til å vere med familie eller vener. Tid til å trene eller gå tur i fjellet. Tid til dyrke interesser. Tid til å berre vere. Då kan lange arbeidsdagar kjennest som eit problem. I tillegg er det mange som har arbeid som krev så mykje av ein, mentalt og fysisk, at redusert arbeidstid både kunne gjeve betre livskvalitet og redusert sjukefråver.

Kortare arbeidsdag handlar altså ikkje berre om enkeltmenneske. Det er også ein av vegane til eit betre samfunn. Kortare arbeidsdag kan med rette kritiseras for å vere ein dempar på økonomien, men det treng ikkje vere negativt. Bærekraft er naudsynt om me skal ta vare på livsgrunlaget. Om me skal ha ein leveleg klode, og ei leveleg bygd, også i framtida. Dersom alle skulle hatt like stort forbruk som nordmenn, ville me trengt 3,6 klodar for ha nok ressursar. Den aller rikaste delen av verda må ta ut meir av velstanden i livskvalitet og kvalitetstid, dersom kommande generasjonar skal ha arve ein fungerande natur og klima. I tillegg kan kortare arbeidsdagar avlaste ein hardt pressa velferdsstat, gjennom betre helse, lågare sjukefråvær og betre tid til å pleie relasjonar og omsorg for kvarandre.

Voss SV ynskjer at Voss Herad startar eit pilot prosjekt for å prøve ut 6-timars dag/ 30 timars arbeidsveke.

Frivilligheit som satsingsområde

Frivilligheita er ei berebjelke i dugnadsbygda Voss. Frivillig arbeid har stor betydning for born, unge, vaksne og eldre innan alle samfunnslag i heradet. Det skapar bulyst gjennom gleder det gjev dei som deltek i frivillig arbeid, og gjennom den samfunnsbyggjande effekten av det frivillige arbeidet.

Frivilligheita er under press og fråfall, og i idrett og lagsarbeid er dette ei utfordring. Heradet bør stå fyrst i køen for å støtta opp om det gode arbeidet og den store dugnadsinnsatsen som vert gjort av vossingane. Voss SV vil at heradet skal vera ein foregangskommune i satsinga på dei frivillige.

SV ynskjer å jobba for å lette arbeidet for dei frivillige laga og organisasjonane i heile heradet ved å ha:

- Ein fast tilsett frivilligkoordinator i Voss herad som jobbar med rammevilkår, støttar opp om nye frivillige initiativ og legg til rette for samarbeid mellom offentleg og frivillig sektor.
- Gratis utleige av alle kommunale idrettsanlegg til frivillige lag og organisasjonar. Til dømes Voss Idrettshall, Vossabadet, fotballbanar.
- Gratis utleige av skulebygg til frivillige lag og organisasjonar ved samlingar, cupar, stemner etc
- Gratis utleige av kulturhuset og andre kommunale bygg til frivillige lag og organisasjonar som tilbyr kulturopplevingar til born og ungdom

Helse og omsorg

Det skal vera godt og trygt å bu i Voss herad.

Velferdstenestene skal dekkja grunnleggjande behov og vera tilgjengelege der folk bur. Me vil ha god kvalitet på barnehagar, skular, helsetilbod, sosiale tenester og kulturtilbod. God kvalitet på tenestene er styrkjande for den enkelte og kan hindra utvikling av økonomiske, sosiale og helserelevante vanskar på sikt. Det må vera lett å koma i kontakt med dei tenestene ein har behov for.

Helsetenestene skal vera like gode for alle uavhengig av alder, funksjon, kvar du kjem frå, kvar du bur og kva du tener. SV ynskjer å sikre ei helseteneste som er der når du treng den, som er heilskapleg, helsefremjande og basert på tillit. Omsynet til folk må alltid koma før omsynet til byråkrati og økonomisystem.

- Lækjarkontoret i Granvin må setjast i drift att

- sikra nok og kvalifisert personale i eldreomsorga. Ved å auka bemanninga til litt over eit absolutt minimum vil det bidra til færre sjukemeldingar, mindre slitasje på arbeidstakarane og ein betre kvardag for pasientane.
- aktiv rekruttering til helsevesenet/ stimuleringsmiddel/ bindingstid (løn under utdanning?) stipend?
- tilbod om faste og heile stillingar for dei som ynskjer det
- eldre i sjukeheim må få rett til å koma ut i frisk luft kvar dag, dersom dei ynskjer det og helsetilstanden tillet det.
- søknadsprosessar må ikkje stå i vegen for at folk får hjelp raskt, t.d. innan rus og psykiatri, og tenestene må vera lett tilgjengelege, både fysisk og digitalt

Landbruk og næring

Landbruket er særst viktig for Voss. For busetnad og arbeidsplassar, både direkte og gjennom ringverknadar, er dei mange gardsbruka på Voss uvurderlege.

SV meiner at me må ha ein eigen nasjonal matproduksjon, og eit sterkt landbruk på Voss, av fleire grunnar:

1. Med usikker global matproduksjon, både pga klimaendringar og krig, er det viktig for nasjonal mattryggleik å ha eit fungerande jordbruk.
2. Av samme grunnar må jordvern prioriterast høgt. Dyrka matjord er ein ressurs det har teke tusenvis av år å byggja opp, og må takast godt vare på.
3. Som klimatiltak kan jord spela ein vesentleg rolle. Karbonbinding i jord basert på fotosyntesen er den rimelegaste måten me kan fanga CO₂ på, og med størst potensial.
4. Reduksjon i naturmangfald er også ei global krise. Mange truga artar er knytt til eit levande kulturlandskap.
5. For reiselivet er det vesentleg at kulturlandskapet på Voss også i framtida framstår som attraktivt.
6. Kortreist mat er både sunt og klimavenleg. SV støttar opp om lokale produsentar og lokal distribusjon t.d. Rekoringen

Voss SV vil leggje til rette for eit bærekraftig og framtidsretta næringsliv der me tek vare på Voss sitt særpreg, og naturen vår. Det grønne skiftet må koma i næringspolitikken, og me vil vere ein pådrivar for å leggje til rette for dei som styrer mot eit grønt skifte. Voss SV vil støtte ei grønn omstilling innan transport og entreprenørbransjen. Voss SV vil støtte utvikling innan sirkulærøkonomi, gjenbruk og anna grønn næringsutvikling. Me vil nytte Kræffondet i større grad som eit verktøy for grønn og berekraftig utvikling i næringslivet.

Me tenkjer at gode velferdstenester er noko av det viktigaste å ha på plass, for å ha gode føresetnader for eit godt næringsliv. Der folk skal arbeida må det vere godt å bu, det må vere

nok barnehageplassar, det må vere gode skular og gode helsetenester. Det må vere tenester i heradet som fungerer godt.

Det å ta vare på naturen gjer at folk ynskjer å bu på Voss. Mange som bur på Voss seier nettopp dette - ein ynskjer å bu her fordi naturen vår er heilt unik. Det er difor også god næringspolitikk å ta vare på naturen vår. Eit grønt og berekraftig reiseliv er ei næring for framtida. Difor er det så viktig for oss å ta vare på uberørt natur. Voss SV støttar gode tiltak beskrive i Reiselivsstrategien samt Vossaklima for å oppnå dette.

SV har vore ein sterk pådrivar for K5, og meiner at trygg veg og bane mellom Voss og Bergen lyt prioritertast framfor andre store vegprosjekt som td Hordfast. Liv og helse må prioriterast!

Flaumvern

Flaumane har kome oftare og vorte meir dramatiske siste åra. Meir ekstremvær er ein konsekvens av menneskeskapte klimaendringar, og strekar under at me må ta Vossaklima 2030 på alvor, og gjera vårt for å kutta utslepp. Samstundes må me førebu og tilpassa oss eit meir ekstremt vær. For å verna oss mot flaum er det viktig å ha god kunnskap om kva tiltak som vil virka, og kva som kan gjerast både på kort og lang sikt.

- SV meiner at me må skilja klart mellom kraftutbygging og flaumtiltak. I den lokale debatten har kraftutbygging av Raundalselva vorte lansert som ei løysing på problemet. For det fyrste er Raundalselva varig verna, og det er ein dårleg strategi å setja dette vernet i spel. Det vil splitta bygda i ei sak der me må stå saman, og det vil også føra til ein opprivande debatt om nasjonale verneplanar på Stortinget. Elvekraftverk i Raundalselva har heller ikkje nokon effekt på flaum. Å trekkja kraftverk inn i debatten som ei finansieringskjelde for flaumtunellar er eit håpløst reknestykke. Ingen veit kva kraftkommunane vil sitja att med av inntekter i framtida, og ein kan ikkje budsjettera langt fram i tid med slikt.
- SV vil spela på lag med NVE. Både fordi dei sit på den fremste ekspertisen, og fordi det ikkje nyttar å skaffa store beløp til flaumtiltak utan at NVE kjem med innstilling til dette.
- SV vil samstundes sjå på både dei mindre og enkle tiltaka, og få fram kunnskap og tal på store tiltak. Det er mykje som både kan og må gjerast snarast uansett kva løysingar som kjem seinare. Her er det viktig at heradet samlar inn kunnskap og syter for at tiltak vert utført. Når det gjeld store tiltak som vurdering av flaumtunellar må me innsjå at det vil ta tid. Her må me utolmodig venta på NVE si tilråding, og seinare arbeida med finansiering. Dette vil verta så store summer at det må inn på Statsbudsjettet som eige punkt.
- SV vil også vera budde på situasjonen som kan oppstå dersom store flaumtunellar ikkje let seg finansiera. Dette vil vera ein situasjon der ein må leva med skade på hus og eigedom, og det må gjerast grep i lag med NVE, forsikringsselskap og andre for å minimera ulempene for folk som vert råka.
- SV vil sjå på kva tiltak som kan gjera naturen betre i stand til å verna oss mot flaum. Restaurering av myrer er eit døme, slik at vatnet vert forsinka. Vegetasjon og

karbonbindande praksisar kan også gjera jorda betre i stand til å halda på vatn. Dette er tema det vert forska på globalt, og det kan vera god kunnskap å ta i bruk også på Voss.

- Voss SV vil etablere eit lokalt fond for folk som ynskjer å gjere eigne mindre flaumsikringstiltak.
- Det er viktig at ein ikkje planleggjer nybygg eller infrastruktur i flaumutsette områder framover. Ein del av probelma me har fått etter flaumane kunne har vore unngått om ein ikkje hadde bygd i slike områder. Me lyt tilpassa oss naturen i større grad enn før.

Natur og klima

Me mistar naturen bit for bit, den som skal gje oss mat, rekreasjon og eit sunt livsmiljø. Voss SV vil snu denne utviklinga, og sikra at Voss ikkje mistar meir natur og landbruksareal. Voss SV vil:

- At Voss skal verta ein arealnøytral kommune som fører naturrekneskap, og som kartlegg og prioriterer naturverdiar i alle plansaker i heradet
- Ha full stopp i regulering av nye hytteområde, og me vil gå gjennom gamle arealplanar for å ta ut utbyggingsområde som ligg i sårbar natur
- Ta vare på dyrka mark, og krevja at denne vert skåna for nedbygging
- Ta vare på Bømoen som Voss sitt viktigaste rekreasjonsområde
- Løyva midlar til å restaurera natur på Voss.
- Ta vare på Raundalselva og andre verneområde på Voss

Naturen og klimaet treng oss og nokon må gje naturen ei stemme. Voss SV vil vere denne stemma og gjere Voss til ein natur- og klimavenleg kommune.

Naturkrise

Sidan 1970 har 68% av verdas dyrebekstandar forsvunne. I Noreg står det ikkje stort betre til enn resten av verda, då ein av fem artar no er på raudlista - den noko triste lista over artar som er truga. Grunnen til dette handlar fyrst og fremst om arealendringar, altså at samfunnet bygger ned dyra sine habitat. Vindkraftverka øydelegg viktige område for karrig mose, gass frå vasskraftverk overmettar og turrlegg leveområda til stor laks og ørsmå krepsedyr, hyttefelt brer seg inn i villreinen og kongeørna sine habitat. I tillegg opplever mange menneske ulike former for sorg når naturområda deira vert til motorveggar eller energiindustriområde.

Kommunane har ei særleg viktig rolle, då det er dei som er ansvarleg for arealforvaltninga. Dersom kommunane vert naturvenlege vil naturen i Noreg klara seg. Dette vil SV kjempa for.

Klimautfordringane

Klimautfordringane skal også takast på alvor. Her er kommunen sin klimaplan, jobba fram med særleg innsats frå Voss SV, vårt viktigaste reiskap. Me vil sjå til at ambisjonen om å kutta 69% av Voss sine utslepp vert følgd.

Natur og klimakrisa er same sak

Tap av natur og klimaendringane er eit resultat av overforbruk av naturressursar. I grunn handlar dette om ein gamal kamp mot at marknadskrefter og evig vekst skal øydelegge dei gode liv.

SV vil vera ein pådrivar for å redefinere veksttanken. I lokalpolitikk og i våre innspel til sentrale myndigheiter.

Slik skal me skape ei klima- og naturvenleg bygd:

Arealnøytralitet

Me skal i denne perioden verte ein arealnøytral kommune. Det vil seie at område som i dag er reel natur- eller landbruksareal, ikkje skal kunna omdisponerast. Det skal ikkje øydeleggast meir natur på Voss.

Voss herad har fleire flotte skianlegg, og er kjende for å vere godt vertskap. Ei storstilt hyttebygging har vore med på å finansiera goder for oss alle, og har vore viktig for arbeidsplassar og næringsutvikling i bygda. Me i SV elsker også å svinga oss i bakkane!

Men no er me bekymra for om det er rett å halde fram i same sporet. Hyttebygging fører til tap av natur, auka klimagassutslepp, auka forbruk av straum, auka transport - rett og slett alt me vil ha mindre av. I tillegg er me uroa for om me "heller babyen ut med badevatnet" når me øydelegg nettopp det som er merkevara vår og ein viktig faktor i reiselivsnæringa; naturen på Voss.